

# Strategiplan 2010-2015

1. Bakgrunn
2. Analyse
3. Organisasjon
4. Overordna mål for 2010-2015
5. Delmål 2010-2015
6. Sluttord

## 1. BAKGRUNN

Strateginemnda vart sett ned på landsmøtet i 2009. Nemnda vart skipa som følgje av eit ynske om å utarbeida planar som strekkjer seg over meir enn eitt - arbeidsprogrammet til Norsk Målungdom gjeld einast for eitt og eitt år. Tanken er at dersom vi ser lengre fram i tid, kan vi nå større og meir komplekse mål. Føremålet med strategiplanen er at han skal fylla tomromet mellom dei årvisse arbeidsprogramma og det overordna styringsdokumentet, tufta. Nemnda fekk følgjande mandat frå landsmøtet i Arbeidsprogrammet<sup>1</sup>:

### 2.2.4 Strateginemnda

Å «venda vinden» er eit arbeid som krev målretta innsats gjennom fleire år, og difor er det avgjerande å ha ein strategi som strekkjer seg ut over denne arbeidsperioden.

#### Målsetnad:

- Å utvikla ein strategi som kan vera ei rettesnor for arbeidet i NMU fram mot 2015, med overordna målsetnader og grundige analysar av det som må til for å nå desse

#### Tiltak:

- Setja ned ei strateginemnd som skal jobba med strategispørsmål. Nemnda setjast ned av landsstyret og kan vera samansett av alle typar målungdomsmedlemer.

- Ha strategipunkt på landsstyremøta der nemnda vitrar og får innspel til det vidare arbeidet

- Ha strategipunkt med innleiarar utanfrå på minst èi tilskiping

Eva Holthe Enoksen (leiar), Jarle Fagerheim, Kristin Fridtun, Tore-Syvert Haga og Helene Urdland Karlsen har sete i nemnda. Nemnda har gjennomført arbeidet etter retningslinene i arbeidsprogrammet. I tillegg har nemnda hatt andsvar for at heile

---

1. Arbeidsprogram 2009-2010: "Vend vinden!", vedteke på landsmøtet i Stavanger i 2009.

organisasjonen skulle takast med i arbeidet, og for å ta opp strategi som tema i alle fora av organisasjonen.

Nemnda ser det ikkje som føremålsteneleg å vedta ein plan, men ynskjer at organisasjonen skal vedta strategiske mål. Desse måla er samla under punkt 4: *Overordna mål for 2010-2015*. I tillegg har vi laga det vi ser på som føremålstenelege *Delmål 2010-2015*, som syner kva som må til for å nå dei overordna måla. Resten av dette dokumentet er ei grunngjeving for måla nemnda har føreslått og framlegg til korleis organisasjonen skal nå måla. Utkastet til framgangsmåtar kan - og må truleg - endrast ettersom arbeidet tek til, men alle endringar må vera i samsvar med strategimåla.

## 2. ANALYSE

Fram gjennom tidene har målrørsla vunne to retteleg store sigrar. Den fyrste var då landsmålet vart etablert som skriftmål sist på 1800-talet og i fyrste halvta av 1900-talet. Den andre var då dialektane fekk auka vyrndad og verkefelt etter dialektkampen på 1970-talet. I denne siste striden spela Norsk Målungdom (NMU) ei av hovudrollene.

Sams for desse to sigrane, og framgangen som fylgde, er at målrørsla stod fram som ein del av eit breitt folkeleg engasjement – fyrst for nasjonsbygging og sjølvstende, deretter i kjølvatnet av 1968 og EF-striden i 1972. På denne måten greidde målrørsla å engasjera breie lag av folket for sakene sine. Fridomen og retten til å nytta sitt eige heimlege mål i tale og skrift er saker som føyer seg lett og greitt inn i store stridar for folkereising og frigjering<sup>2</sup>.

I dag evnar ikkje målrørsla å markera seg i dei store dominerande stridsspørsmåla. Strateginemnda har òg vanskeleg for å sjå *kva for* stridsspørsmål som er aktuelle å knyta seg opp til i dag. Fylgjeleg er det uråd å utarbeida ein strategi som skal gjeva nynorsken eit nytt lyft på line med dei store historiske sigrane våre. Vi ser rett nok eitt straumdrag i samtida av tilsvarande rang som nasjonsbygginga på 1900-talet: den vidgjetne globaliseringa. Men globaliseringa engasjerer ikkje folk i same grad og på same måte. Målrørsla har i nokon mon engasjert seg i alterglobaliseringsrørsla, dette til skilnad frå nasjonsbygginga, der målrørsla var på offensiven.

Dersom vi legg globaliseringa på hylla ein augneblink, og tek føre oss stoda i Noreg, se vi snøgt at nynorsken ikkje er vorte eit *landsmål* slik Ivar Aasen og dei tidlege målreisarane tenkte seg det. Kjerneområdet for nynorsk har lenge vore, og er framleis, Vestlandet. Mange trur dette kjem av "naturlege samband" mellom vestlandsmåla og nynorsken. Her må NMU halda fram som før, og med trott og omhug opplysa at nynorsk er *samnemnaren* for alle norske målføre, og at nynorsk er eit hendig og heilt *skriftmål*.

---

2. For ei noggrann utgreiing om dette, sjå til dømes artikkelen "Strategiske utfordringar for målrørsla" av Oddmund Løkensgard Hoel i *Kampen for språket* (2001).

Ein verknadsfull måte å fremja *skriftmålet* på, er å tona ned koplinga mellom dialekt og nynorsk. Denne koplinga var til gagn for målrørsla i 70-åra, men ein lei etterverknad er at til dømes NRK kan fylla nynorskkvoten med dialektinnslag og at folk med eit "ikkje-vestlandsk" talemål trur dei ikkje er eigna til å skriva nynorsk. Strateginemnda tek ikkje til ords for fleire haldningskampanjar, men meiner at ei styrking av *skriftmålet* nynorsk er naudsynt dersom språket skal vinna større og tryggare rom. Det er difor gledeleg at Språkrådet har sett ned ei rettskrivingsnemnd som skal koma med framlegg til ei tydeleg og stram nynorsknorm i mai 2011. NMU bør fylgja arbeidsprosessen til denne nemnda nøye. Samstundes ynskjer ikkje strateginemnda eit nytt generelt ordskifte i organisasjonen om normering, ettersom dette er eit emne som kløyver meir enn det samlar. Skal målrørsla vinna framtida, må ho stå samla. For å stå samla, må rørsla samla seg om *det same språket*, ikkje tvihalda på sine eigne særformer. Just difor er det gledeleg at rettskrivingsnemnda tek sikte på ein tydeleg og heilstøypt nynorsk.

I arbeidet med å granska stoda for nynorsken i dag har strateginemnda mellom anna teke føre seg sambandet mellom nynorsk og demografi. I staden for at målrørsla hektar seg på "relevante demografisaker", som arbeidet mot byvokster og liknande, rår strateginemnda til at rørsla heller godtek demografien som han er og byggjer på den. Det gjeld med andre ord å måta strategien til demografien, ikkje demografien til strategien. Det er likevel mogleg å ha to tankar i hovudet samstundes: Målrørsla kan ta omsyn til byvoksteren utan å mana til urbanisering. Målrørsla bør arbeida for at nynorsk vert eit "bymål" likso mykje som eit "landsmål", og på den måten gjera det av med den tankevillfaringa at nynorsk er eit fjøsmål og eit bondemål. Rørsla må leggja vinn på å fremja nynorsk som eit bruksmål for *alle* i Noreg.

Folk i Noreg er - ikkje overraskande - kløyvde i synet på nynorsk. Vestlandet skil seg ut som "den vestlandske landsluten" av di nynorskbrukarane her er tettast samla og ofte er dei det rådande fleirtalet. Likevel finn vi nynorskbrukarar i alle fylke og kommunar, i alle aldrar og yrke. Ifylgje *Nynorsk faktabok 2005*<sup>3</sup> bur tre av ti nynorskingar utanfor Vestlandet. Likevel er einast fem prosent av nynorskbrukarane organiserte målfolk. Dette siste treng ikkje vera eit vonde, det kan òg vera eit teikn på at nynorsken fyrst og fremst er eit bruksmål, ikkje ei folkerørslle.

Jamvel om fleirtalet med nynorsk som hovudmål bur på Vestlandet, er særst mange av dei aktive i NMU målbytarar frå bokmålsområde. Dette er både ei lukke og eit lyte. Nynorskbrukarar utanfor kjerneområda må stadig kjempa for å få nytta målet sitt, og dei vert soleis kveikte og huga til strid mot bokmålsveldet. Samstundes vert avstanden til den jamne nynorskbrukaren stor. Strateginemnda meiner det er på tide å setja fleire krefter inn mot att, og arbeida for sterkare eldhug og deltaking der.

Det eit faktum at folk flytter meir no enn før. Tilflytting og fråflytting har utan tvil innverknad på både talemålet og skriftmålet åt folk, særleg gjeld det born. Endå om du har to nynorskskrivande foreldre kan du råka til å læra bokmål på skulen. Det er likevel vondt å vita heilt presis kva flyttemønster og busetnadsmønster har å seia for nynorsken, og dette er noko NMU kan vurdere å granska nøgnare. Det gjeld å

gjera nynorsken til eit sterkt skriftmål som folk ikkje vil skiljast frå, endå om dei skifter bustad.

I dag er mange bygdesentra det vi kan kalla "språkgryter", der bokmål og nynorsk vert alt meir blanda og bruka om kvarandre. Her er det lett at nynorsken vert skadelidande. I dagsens "samanstøytar" med bokmål er det ofte slik at nynorsken tapar kampen med små marginar, medan han vann med store fleirtal tidleg på 1900-talet. Ottar Grepstad hevdar at dei små marginane stadig vert mindre<sup>4</sup>, og soleis er det von til vinst for nynorsken - men det krev ei sterk og ihuga rørsle.

Dei tjue siste åra har det vore ei stadig profesjonalisering av nynorskmiljøet, men endå er mange av samskipnadene og institusjonane for små til å vera det Grepstad kallar ei kritisk masse "som er i stand til å stå imot ymse former for press og endringar i rammevilkåra"<sup>5</sup>. Vidare heiter det at "[d]et som ligg under nivået for kritisk masse, risikerer å ende i stagnasjon". Vansken med å driva fram ei stor og slagkraftig rørsle heng venteleg saman med at det er vanskeleg å engasjera breie lag av folket for målsaka. Det fell lett å seia at det heile er ein vond sirkel. Skal NMU engasjera ei brei folkerørsle i framtida, må det vera med mål om å gjera nynorsken til eit bruksmål for heile landet og gjennom å arbeida mot systematisk diskriminering av nynorsk. Nynorskforbodet i dei store riksavisene VG og Dagbladet er eit døme på dette, og ein slutt på forbodet ville vera eit prov på at nynorsken er eit mål for heile landet.

### **3. ORGANISASJON**

For å skapa ei sterk målungsdomsrørsle, kan det vera naudsynt å gjera somme endringar i organisasjonen. I samsvar med framlegget ovanfor, at NMU bør samla interessa meir om kjerneområda att, meiner strateginemnda at organisasjonen bør ha ein reiseskrivar. Det er gjennom å møta ungdomen andlet til andlet at NMU kan skapa truverde og samkjensle og samstundes spreia informasjon på ein effektiv måte.

Det tykkjest òg gagnleg å arbeida for fleire og sterkare elevmållag. Desse er ofte meir synlege enn lokallaga, og det er lettare å halda elevmållaga i live av di tilsiget av folk er jamt og godt. Det er òg lettare for lagslemene å møtast og arbeida når alle held til på éin stad.

Organisatorisk styrke er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit heilt naudsynt middel for å nå dei måla NMU set seg. I staden for å ta utgangspunkt i at NMU "skal" auka til 2000 medlemer, må ein tenkja på kva NMU treng fleire medlemer til, og kva slags medlemer det er NMU treng. 100 nye medlemer på studiespesialiserande skular i Oslo som held fram med å skriva bokmål og vert med i NMU av di det er "politisk korrekt" har ein annan verknad enn 100 nye medlemer frå yrkesfagskular i kjerneområda. NMU må vera budd til å organisera seg på den mest tenlege måten, jamvel om det krev endring og omlegging.

### **4. OVERORDNA MÅL 2010-2015**

---

4. Dag og Tid 1/2010

5. *Nynorsk faktabok 2005*, bolk 19: Norskdomsrørsla.

Strateginemnda ser det ikkje som realistisk at målrørsla åleine skal setja i gang ei utvikling som fører til monaleg auke av nynorskprosentane i samfunnet som heilskap innan 2015. Nemnda meiner dette er gagnlege mål for NMU:

- \* Nynorsken skal halda og styrkja den plassen han har i samfunnet i dag.
- \* Nynorsken skal vera langt meir synleg i samfunnet, og til stades på alle område.
- \* Nynorsk skal vera eit tilgjengeleg språk for alle i Noreg – alle skal ha høve til å læra og bruka det.

## 5. DELMÅL 2010–2015

**Formell status:** *Nynorsken skal vera knesett som eit eige språk.*

Etter alt å døma får vi i perioden ei ny språklov. Denne kjem i staden for det eksisterande lovverket, medrekna mållova, og vil gjeva eit større og betre vern for norsk språk generelt. Soleis har vi høve til å få gjeve nynorsken offisiell status som fullverdig og sjølvstendig norsk *språk*. Å få dette til vil vera ein symbolsk siger, og det vil hjelpa målrørsla mellom anna med sidemålsargumentasjonen.

Språkmeldinga slår fast at tilnærminga mellom bokmål og nynorsk ikkje skal førast vidare. Å kasta vrak på omgrepet «målformer» er eit logisk framhald av denne politikken. Bokmål og nynorsk er ulike *språk*, på lik line med til dømes tsjekkisk og slovakisk, og katalansk og kastiljansk. Om nynorsk og bokmål formelt vert to ulike språk, får dei same rett til å eksistera som alle andre språk med bakgrunn i språkvernstankegangen, der ein ser på språk som verdfullt kulturelt mangfald som må vernast på lik line med biologisk mangfald.

Denne saka må ha støtte av ei samla målrørsla. Mållaget må vera med på notane, helst òg Nynorsk forum. Strateginemnda har ikkje tru på ein storstilt kampanje, men på målretta lobbyarbeid, til dømes gjennom Løvebakken mållag. Dessutan: Dette er ei sak som jamvel riksmålsrørsla brenn for. Eit samarbeid mellom målrørsla og riksmålsrørsla kan gjeva større tyngd og kraft og vera til nytte og vinning for nynorsken.

**Grunnskulen:** *Vi skal vinna minst like mange skulekrinsar som vi måtte tapa.*

Trass i at skulemålsrøystingar er høgt prioriterte i rørsla, særleg i Mållaget, hender det at vi går på tap. So lenge vi ikkje gjer opptak til sokalla offensive røystingar, å venda bokmålskrinsar om til nynorsk, vil vi halda fram med å tapa terreng. Men, det er ikkje uråd å vinna røystingane. Kan vi vinna ei defensiv røysting i ei randzone, kan vi vinna ei offensiv. Å «vinna attende» skulekrinsar ville vera eit av dei mest tydelege teikna på framgang for nynorsken.

Det er, og kjem til å vera, Noregs Mållag (NM) som arbeider mest med skulemålsrøystingar. For å nå delmålet på dette feltet må NMU både arbeida opp mot NM og engasjera seg i lokale stridar. Kan henda må NMU byggja truverde i denne saka andsynes NM for å vinna fram. Samstundes har NMU ei evne til å arbeida med høg intensitet, og dette må ikkje undervurderast.

**Vidaregåande skule:** *NMU skal forsvare læremiddelsigeren, leggja til rette for målbyte til nynorsk og motverka målbyte frå nynorsk. Alle skal verta reelt i stand til å kunna velja å bruka nynorsk.*

Det er likt til at målrørsla lyt vinna læremiddelsigeren meir enn éin gong, for skulesituasjonen er konstant i endring, og fylgjeleg dukkar stadig nye stridar opp. Her må NMU vera på vakt, men vonleg slepp organisasjonen å måtta setja alt anna til sides i haustane som kjem.

Røynslene frå Målstreken, ei spørjeundersøking om språk ved Valdres vidaregåande skule, har synt at jamvel om 60 prosent av elevane har nynorsk som opplæringsmål, er det berre ein brøkdel som framleis skriv nynorsk når dei går ut av vidaregåande. Det er særleg alvorleg for nynorsken som bruksmål at so få vel å halda fram med å skriva det på ungdomsskulen og vidaregåande. Ein viktig faktor for å unngå målbyte er at læremiddel og undervisning på nynorsk er tilgjengeleg for elevane. I tillegg meiner strateginemnda at det er avgjerande at NMU møter elevane personleg, på målferd, aksjonsturné eller i elevmållag. Mykje målbyte skjer i åttendeklasse på ungdomsskulen og i fyrsteklasse på vidaregåande. Strateginemnda har tru på ein storstilt skulestartaksjonsturné, som til dømes sivilarbeidaren kan ha andsvar for. Ein del av målferdreisinga til randsonene kan òg vera lagde til 10. klassingar for å motverka målbyte før skaden alt er skjedd.

Ymse «positive sidemålsforsøk» har synt seg vellukka, men er jamt over for lite kjende. NMU må vera flinke til å spreia informasjon til skular og politikarar. Å læra bort sidemål har meir sams med å undervisa i framandspråk enn med å finpusse på eit hovudmål elevane har jobba med i over ti år. Sidemålsdidaktikk må inn i norsklærerutdanninga. Dette kan NMU få til med lobbyarbeid, eventuelt òg kampanjar frå studentmållaga.

Pedagogisk grunnlause fritak frå sidemålsundervisninga må bort. NMU ynskjer å arbeida for at færre fleirspråklege elevar vel bort nynorsk. Dette er elevar som i mindre grad enn andre har fordomar mot nynorsk. Å klassifisera desse elevane som minoritetsspråklege, når eit fleirtal av dei i røynda er fleirspråklege, er å nedvurdere språkkompetansen til elevane. NMU gler seg over rundskrivet frå Kunnskapsdepartementet som slår fast at fritak frå sidemål skal skje på grunnlag av språkkunnskap, ikkje etnisk bakgrunn. NMU skal arbeida for at dette vert fylgt opp i dei vidaregåande skulane. Dette vil dessutan vera eit signal om at nynorsk høver like godt for dei som skal læra seg norsk som for dei som skal læra seg å skriva norsk. Her òg har strateginemnda tru på lobbying mot mektige byråkratar og politikarar, som til dømes i fylkestinga på Austlandet, som er organet med vedtaksmakt over dei vidaregåande skulane. Dersom nynorsken i den nye språklova vert knesett som eige

språk, kan NMU få gjennomslag for å endra omgrepa "hovudmål"/"sidemål" til "obligatoriske språkfag", til dømes.

Elevmållag kan spela ei viktig rolle for å nå desse delmåla. NMU bør prioritera arbeid med elevmållag. Eit elevmållag er truleg viktigare for å nå måla enn eit lokallag. Synlege elevmållag på mange skular gjev NMU høve til å nå ut til fleire elevar og med eit godt elevmållag har nynorskelevane på skulen ei særskild røyst.

**Dagleglivet:** *Nynorsken skal vera synleg i alle relevante media, i nærmiljøet og på dei straumdrivne reiskapane til folk. Framsteg i språkteknologien skal gagna nynorsken.*

Kampanjane mot nynorskforbod i riksmidia må halda fram, i breiast mogleg front. Desse kampanjane bør ikkje inkludera lokale media - me bør unngå bokmålspress på nynorske lokalaviser -, men lokale kampanjar kan føregå desentralisert. Den systematiske diskrimineringa av nynorsk som skjer i riksmidia fører ikkje berre til at nynorsk som bruksmål vert undergrave, men er òg eit pedagogisk problem av di det gjev elevar med nynorsk som hovud- eller sidemål mindre høve til å sjå språket sitt i dagleglivet. I dag står mange aviser på randen av konkurs, og momsfriftaket er dimed eit sterkare pressmiddel enn nokon gong. Dette må NMU utnytta.

NMU må passa på at alle populære sosiale media finst på nynorsk. Der det ligg til rette for det, kan NMU engasjera seg direkte i omsetjingsarbeid. Her kan samskipnaden få engasjert medlemmer som elles ikkje hadde vore aktive, og det er på tide å skapa eit alternativ til tradisjonelt målarbeid. Dette gjeld ikkje berre sosiale media, men jamvel vanleg programvare for heim og arbeid. NMU bør støtt ha oversyn over kva «hòl» som må tettast.

Utvikling av maskinomsetjing og annan språkteknologi kan koma nynorsken til gode. NMU må fylgja med på kva som hender, og passa på at nynorsken «vert med på lasset» i utviklinga av til dømes diktafonteknologi. Apertium, som er eit nytt omsetjingsprogram for nynorsk-bokmål og bokmål-nynorsk er i vinden, og kan verta eit viktig verktøy for å oppfylle kravet om statlege skriv og skjema på nynorsk. Google Translate bør koma på nynorsk.

I nærmiljøet kan målungdomen vinna mange små, men synlege, sigrar ved å «kviskra i øyra» til rette folka: butikksjefar, kommunepolitikarar og -byråkratar, lagsleiarar i idrettslag og skulekorps og sparebanksjefar. Dette er ei fin oppgåve for lokallag å setja i gang med. Kvar siger må meldast om og feirast so det syng i veggene. Dersom nynorsken vert meir synleg ute blant folk i heile landet, kjem det tydelegare fram at nynorsk er eit bruksmål og eit levande språk. Nettopp difor er det so viktig at målrørsla engasjerer seg i denne saka.

## **6. SLUTTORD**

Strateginemnda har ikkje tru på at arbeidet med å snu utviklinga vil vera avslutta i 2015. Tvert imot kjem den neste strategiplanen til å verta vel so viktig. Nemnda kjenner seg nøydd til å understreka at det er overlag viktig at arbeidet med strategi i organisasjonen held fram, anten det er med høgare eller lågare intensitet enn i år. Strategiplanen må ikkje verta gløymt, men må fylgja organisasjonen over dei neste

fem åra. Nemnda gjer framlegg om at NMU held fram med å ha ei strateginemnd, med eventuelle utskiftingar og suppleringar dei neste fem åra. Strategiarbeidet og arbeidsprogrammet må gå hand i hand, slik at delmåla frå strategiarbeidet vert fylgde opp i arbeidsprogrammet. Berre slik forpliktar vi organisasjonen til å gjennomføra måla vi har sett oss. I 2014 må arbeidet med ein ny strategiplan ta til, ein plan som kan ta over der denne sluttar. Strateginemnda trur strategiarbeid er vegen å gå om NMU skal vinna store målpolitiske sigrar. Berre gjennom målretta arbeid med framsynt planlegging kan målrørsla snu utviklinga!